

1 Reguleringsføresegner for gnr. 123, bnr. 7, Brokkeheien,  
Tokke kommune. - Hallbjønnsekken Sør.

§ 1. Innleiing.

1.1. Planen sitt omfang og føresegnehene sine verkeområde.

Det regulerte området er vist på reguleringsplan for Brokkeheien med reguleringsgrense.

1.2. Reguleringsføremål.

Området skal regulerast til følgjande føremål:

Byggeområde.  
Trafikkområde.  
Friområde.  
Fareområde.  
Spesialområde.  
Fellesområde.

§ 2. Byggeområde.

2.1. Område regulert til hytter (byggeområde  
A - R, tun for bedriftshytter A - C).

Hytter skal ikkje tene som fast bustad.

Det kan på kvar tomt bare førast opp ein hytteeinining og eit uisolert uthus på maks. 15 m<sup>2</sup>. Unntak frå dette gjeld område som er avsett til hyttetun.

Plassering av hyttene.

Plassering av hyttene skal vere i samsvar med stadfest reguleringsplan.

Bygningsrådet skal føreta den endelege plasseringa av bygget på tomta, og dei kan og fastsetje grense for storleik på det einskilde byggverk ut ifrå plasseringsmessige tilhøve. Det skal også takast omsyn til at verneverdig vegetasjon ikkje vert skada (store furuer).

Vedlagt søknad om byggeløyve skal det i tillegg til situasjonskartet fylge med snitt/profil som viser hyttas plassering i høve til terreng.

Grunnmurshøgda skal ikkje vere over 0,80 meter.

Der det i planen ikkje er vist bygggrense kan bygg ikkje førast opp nærrare regulert veggant enn 5 meter.

### Hyttenes utforming og fargesetting.

Bygningsrådet skal sjå til at bygningane mest mogleg glir inn i terrenget. Taktekking skal utførast med materialar som har matt eller mørk verknad, eventuelt torvtak. Hytter i same grensd bør ha tilnærma same farge og fargeskala. Særleg bør takvinkel og taktekking vere einsarta. Taket skal utførast som saltak og takvinkelen skal ligge mellom 22 og 28 grader. Bygningar kan bare oppførast i ein etasje. Valmtak, kvist og takvindaugo er ikkje tillatt.  
ark.

### Tidspunkt for bruk av hyttene.

Bygningane innanfor hytteområda kan ikkje takast i bruk før naudsynte tekniske anlegg er utført (vegar, vatn, avlaup, straum m.v.)

## 2.2. Område regulert til alminnyttige føremål.

I området kan det oppførast fjellkyrkje og leirsku-  
le.

## § 3. Trafikkområde.

### 3.1. Parkering.

I trafikkområdet skal det opparbeidast parkerings-  
plass til bruk for dagsutfart.

### 3.2. Helikopterlandingsplass.

I trafikkområdet kan det opparbeidast landingsplass  
til bruk for helikopter.

## § 4. Friområde.

### 4.1. Område regulert til badeplass.

Området kan nyttast til grustak under anleggsperio-  
den. Når anleggsperioden er over, skal området  
planerast og leggast til rette for badeplass.

### 4.2. Område regulert til skiløype/turveg.

Området er regulert til skiløype og kan opparbeidast  
for maskinell løypepreparering.

## § 5. Fareområde.

### 5.1. Område regulert til fareområde.

Området viser byggeforbodsbelte under høgspentline.

## § 6. Spesialområde.

### 6.1. Område regulert til friluftsområde.

Innanfor regulert friluftsområde kan det ikkje setjast i verk tiltak som er til hinder for almen ferdsel eller bruken av området som friluftsområde. Bygningsrådet kan gje løyve til oppføring av bygg eller innretningar som er knytt til eigarens drift av området, herunder oppføring av fellesantenneanlegg.

## § 7. Fellesområde.

### 7.1. Fellesareal som skal nyttast til felles adkomstveg, parkering og gangveg.

Adkomstvegen skal vere felles for all bygging innan planområdet. Vegen og parkeringsplassane skal haldast oppe på ein slik måte at bruk av området ikkje medfører parkering på eller langs riksveg.

Felles gangveg skal nyttast som adkomstveg til den einskilde hytte.

Felles gangvegar kan av dei einskilde hytteeigarane byggast ut til bilvegstandard. Parkering må då skje på eiga tomt.

## § 8. Andre tilhøve i reguleringsplanen.

### 8.1. Løysing av vatn, avlaup, straum, renovasjon, eventuell telefon og TV-kabel.

Alle tomene er planlagt med høg sanitærteknisk standard (innlagt vatn og avlaup) der avlaupsvatnet går til renseanlegg. Straum og eventuell telefon og TV-kabel skal framførast som jordkablar i felles grøft med vatn og avlaup. Det er ikkje tillatt med kablar i luftspenn og enkeltvis oppsette TV-antennar.

### 8.2. Innanfor planområdet er det tillatt å setje opp naudsynte vasspumpestasjonar.

### 8.3. Utbygging av planen kan ikkje ta til før det ligg føre konsesjon på avlaupet.

## § 9. Fellesbestemmelser.

### 9.1. Bestemmelser om graving og fylling m.v.

Byggearbeida skal utførast på ein slik måte at det vert tatt maksimalt omsyn til terreng og vegetasjon.

Overskotsmasse/sprengingsmasser som ikkje vert nytta  
under anlegget skal plasserast på stader der dei  
ikkje verkar skjemmande.

Revidert i samsvar med K-sak  
22/90 i møte den 05.03.90.

Godkjent av Tokke kommunestyre

i møte 05.03.1990.

Sak nr. 22/90.

Tokke formannskapskontor, 13.08.1990.

  
Birger Myrhaug  
ordførar